

<i>Oppdrag, skildring</i>		<i>Stad</i>
1.	Reising av amfi <sup>1</sup>	Rosslund skule, Meland
2.	Utbetring, nyreising av steingardar	M.a. Refskard i Meland, Hjertås i Austrheim, Bjørndalen i Meland
3.	Atterreising av vegg, kistemur	Iristunet Fana
4.	Etablering av fundament for Svendsgården 5E	Bryggen, Bergen
5.	Restaurering av vegger, steinhus	Hundvåkøy, Austevoll
6.	Restaurering av vegger, torvhus	Hjertås, Meland
7.	Istandsetjing av vegger, refundamentering, torvhus	Kartveit, Radøy
8.	Muring kyrkjegardsmurar	Meland, Meland
9.	Restaurering av terrassemurar (lad)	Ådland, Meland
10.	Istandsetjing av vestnorsk utkraga jordkjellar	Littlelindås, Austrheim
11.	Istandsetjing av vestnorsk utkraga jordkjellar	Fonnes, Austrheim
12.	Istandsetjing av vestnorsk utkraga jordkjellar	Vardetangen, Austrheim
13.	Laga tiltaksplan for jordkjellar	Krossøy, Austrheim
14.	Istandsetjing av vestnorsk jordkjellar	Kartveit, Radøy
15.	Demontering, dokumentasjon, flytting og atterreising av vestnorsk jordkjellar	Soltveit/Nordanger, Radøy
16.	Istandsetjing av bakkemur/grunnmur	Ryland, Meland
17.	Atterreising av løevegg	Manger, Radøy
18.	Refundamentering og atterreising av løevegg	Skjelanger, Meland
19.	Demontering, refundamentering og atterreising av bakkemurar og steingjerde	Mellomalderkyrkjegarden på Myking, Lindås
20.	Demontering, refundamentering og atterreising av kistemurar på uteflor	Myrtveit, Meland
21.	Demontering, refundamentering og atterreising av kistemurar på gardflor	Sellevoll, Lindås
22.	Demontering, refundamentering og atterreising av vernemur (kistemur) på løe	Sylta, Radøy
23.	Reising av nye murar (kistemurar)	Tusenårsstaden Mastrevik, Austrheim
24.	Reising av nye steingjerde (kistemurar) og bakkemurar	Frekhaug, Meland
25.	Refundamentering og reparasjonar av kistemur i vegg, verneverdig våningshus	Lønborg, Bergen
26.	Rekonstruksjon av historisk vernemur	Papa Stour, Shetland
27.	Bygging av ny trapp i gml. bergensk stil	Lønborg, Bergen
28.	Restaurering av gml. kyrkjegardsmur	Hope, Tysnes
29.	Restaurering/atterreising av vegger i to steinløer	Brennjord, Lesja

<sup>1</sup> Dei fleste oppdraga har vore i regi av firmaet mitt Haakon Aase Tørrmuring. Ein god del oppdrag vart utførte innanfor ramma av prosjektet Tørrmuring i Nordhordland (2003 – 2007) og prosjektet Jordkjellarar i Vest (2007 – 2012), begge i regi av Maihaugen og Museumssenteret i Hordland m.fl. og begge organiserte og leidde av meg (Jordkjellarprosjektet var i samarbeid med Espen Marthinsen, KulturMur). Av den aukande oppdragsmengda i dei seinare åra har dei fleste praktiske oppgåvene blitt utførte av meg og mine tilsette i samarbeid med Berit Bruvik Tørrmuring, med Ove Kyte (Kyte Tørrmuring) og med Johan Andersen, som alle har sine egne enkeltpersonsforetak.

<i>Oppdrag, skildring</i>	<i>Stad</i>
---------------------------	-------------

30.	Demontering og dokumentasjon for seinare atterreising av steinhus	Eikås, Bergen
31.	Bygging av fundament for tømmerhus	Flatøy, Meland
32.	Steinbru (utkraga), rekonstruksjon	Gaustad, Meland
33.	Steingjerde og bakkemur, reparasjonar/påmuring	Glesvær, Sund
34.	Ny vernemur på tilbygg bustadhus, bakkemurar og trapp	Hestnes, Meland
35.	Ny bakkemur ved bustadhus	Holme, Meland
36.	Demontering og atterreising av veggmur i stor låve.	Jorlia, Rennebu
37.	Atterreising av vernemur (veggmur) på lemstove	Kartveit, Radøy
38.	Grunnmur under tømra stove (i samband med undervisning på kurs)	Nesbyen, Nes i Hallingdal
39.	Grunnmur under tømra stove (i samband med undervisning på kurs)	Lågdalsmuseet, Kongsberg
40.	Istandsetjing av steingjerde	Halsnøy
41.	Istandsetjing av uthus i stein (kurs)	Kystlandskapsparken, Sveio
42.	Istandsetjing av steingjerde (kurs)	Hauge, Osterøy
43.	Istandsetjing av støttemurar for vassrenner (kurs)	Sølvverket, Kongsberg
44.	Terrassemur/støttemur ved nytt våningshus	Litlebergen, Meland
45.	Istandsetjing av veggmurar (kistemurar) på naust (kurs)	Lygra
46.	Reising av ny bakkemur	Masfjordnes, Masfjorden
47.	Istandsetjing/delvis demontering og atterreising av løemur	Store Milde, Bergen
48.	Veggmurar, støttemurar ved nytt bustadhus	Myrtveit, Meland
49.	Istandsetjing av utkraga steinbru	Mjåtveit, Meland
50.	Reising av nye bakkemurar og trapper ved bustadhus	Slettestølen, Bergen
51.	Reising frå grunnen av eit nytt steinhus (opplæringsprosjekt)	Bygningshistorisk park, Dovre
52.	Istandsetjing/restaurering av bakke- og vegmurar i Salhus	Norsk trikotasjemuseum, Salhus, Bergen
53.	Reising av ny vernemur (kistemur) ved bustadhus	Smogleitet, Meland
54.	Istandsetjing, delvis demontering og atterreising av vegg-/grunnmurar på løe	Stigen i Nærøyfjorden, Nærøyfjorden verdsarvpark, Aurland
55.	Demontering, refundamentering og atterreising av trapp ved verneverdig hus	Mjåneset, Fusa
56.	Reising av nye støttemurar og ny steintrapp ved eldre bustadhus	Øvre Tellevik, Bergen
57.	Reising av ny steintrapp i hage	Koløyholmen, Fitjar
58.	Dokumentasjon, registrering, rådgjeving; tilstandsvurderingar, tiltaksplanar og kostnadsoverslag	



<i>Oppdrag, skildring</i>	<i>Stad</i>
---------------------------	-------------

59.	Utarbeiding av tiltaksplan for og praktisk restaurering av freda hus (drengestove) i stein og tre, Fjøsanger	Bergen
60.	Istandsetjing og sikring av grunnmur under vêrutsett naust i freda naustmiljø, Krossøy.	Austrheim
61.	Atterreising av vegg i stein, Drengestøva til Hellandhuset, Fjøsanger.	Bergen
62.	Utarbeiding av tiltaksplan for parsell av Den stavangerske postvegen (siste del av 1700-talet) for Os kommune.	Os
63.	Utarbeiding av spesifikasjonar for tilbodsinnbyding i samband med istandsetjing av Kongevegen av 1793 over Filefjell. Utarbeiding av opplæringsprogram for handverkarar i same prosjekt. Prosjekteigar: Statens vegvesen.	Lærdal/Maristova/Bergen
64.	Utarbeiding av tiltaksplanar for istandsetjing av bygdevegar ved Havrå-tunet for Museumssenteret i Hordaland, istandsetjing av lad og elvemurar	Havrå, Osterøy
65.	Restaurering av stor bakkemur for privatperson i Salhus	Salhus, Bergen
66.	Reising av nytt steinfeldament for freda bygård (Bellgården) på Bryggen	Bergen
67.	Restaurering av overbygd mjølkebrunn på Tveit. Prosjektering og praktisk gjennomføring. Oppdragsgjevar: Askøy kommune	Askøy
68.	Istandsetjing av grue i naturstein på husmannsplassen Hamn ved Flesland; leire- og kalkarbeid	Bergen
69.	Reising av grunnmur for kjone (tørkehus for korn) på Lier bygdetun. Arbeidet organisert som 2 kurs i regi av Buskerud bygningsvernssenter.	Lier
70.	Vøling av freda steingardar på Rørvik gard. Arbeidet organisert som kurs i regi av Stiftelsen Rørvik gard	Tysfjord
71.	Atterreising av steingard i Leirvik. Arbeidet organisert som kurs i regi av Venelaget for Vidstenparken	Stord
72.	Restaurering av uthus i stein for Sjølvbergarstemnet i Eltravågen	Sveio
73.	Restaurering av steingard på Øvre-Eide i Åsane	Bergen
74.	Reparasjonar på bakkemur mot vatn, Øvre-Eide i Åsane.	Bergen
75.	Formidlingsarbeid retta mot barn på grunnskulesteget gjennom Den kulturelle skulesekken; tema: den utkraga vestnorske jordkjellaren eller "Kjøleskåp utan stikkontakt"	Kommunar i Hordaland
76.	Konsulentoppdrag i samband med demontering og evt. flytting av steinstrukturar i Lønningen ved	Bergen

<i>Oppdrag, skildring</i>	<i>Stad</i>
---------------------------	-------------

	Flesland; jfr. fjerning av freda lystgård i samband med utviding av flyplassen.	
77.	Prosjektering av smieavl for Kystmuseet i Øygarden.	Øygarden
78.	Reising av smieavl for Kystmuseet i Øygarden.	Øygarden
79.	Konsulentoppdrag for Statens vegvesen. Tilstandsvurdering av verneverdig hellebru ved Dregebøen i Ytredalen. "Den Tondhjemske Postvei".	Gaular
80.	Konsulentoppdrag for privat eigar, Hagevik, Måløy. Tilstandsvurdering og tiltaksplan for grunnmur mot sjø.	Vågsøy
81.	Istandsetjing av uteflor i stein på Myrtveit	Meland
82.	Låg bakkemur og steintrapp for privatperson Eidsvågsneset	Bergen
83.	Konsulentoppdrag. Tilstandsvurdering og tiltaksplan for løe på Mjøs.	Radøy
84.	Gjennomføring av restaureringsoppdrag på murverk ved/på løe på Mjøs	Radøy
85.	Konsulentoppdrag. Tilstandsvurdering og tiltaksplan for løe Øvre Tveiten.	Radøy
86.	Konsulentoppdrag. Tilstandsvurdering og tiltaksplan vedr. kistegrøft ved Semensløa, Havråtunet.	Osterøy
87.	Konsulentoppdrag. Tilstandsvurdering og tiltaksplan for privat løe i Havråtunet.	Osterøy
88.	Rådgjeving vedr. fundamentering av bygning Ba og Bb i Bugården, Bryggen for Stiftelsen Bryggen. Utøvande: Berit Bruvik Tørrmuring	Bergen
89.	Gjennomføring av kurs i «antikvarisk tørrmuring» for entreprenør og involverte i restaureringsarbeid på Kongevegen mellom Lærdal og Valdres.	Lærdal
90.	Reising av grue i steinhus i Bygningshistorisk park, utført som kurs.	Dovre
91.	Reising av vestnorsk jordkjellar i Bygningshistorisk park, utført som kurs	Dovre
92.	Reising av diverse hageanlegg for privatpersonar	Ymse stader
93.	Muring av grunnmur ved verneverdig bustadhus	Evanger, Voss
94.	Utarbeiding av tiltaksplan for stort landskapsområde i Sogn og Fjordane, jfr. prosjektet «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» i regi av Landbruksdirektoratet	Hoddevika ved Stad, Selje
95.	Atterreising av torvhus i stein i regi av Åsane historielag	Eikås i Åsane, Bergen
96.	Vøling av skadd parti av grunnmur under verneverdig hus i regi av Almåsgårdenes venner/Åsane historielag	Almås i Åsane, Bergen



<i>Oppdrag, skildring</i>	<i>Stad</i>
---------------------------	-------------

97.	Stor restaurering av verneverdig vestnorsk jordkjellar	Krossøy i Austrheim
98.	Restaurering av grunnmur (demontering, refundamentering og atterreising) under freda løe for privatperson	Havråtunet, Osterøy
99.	Delvis restaurering av skyttargraver på verneverdig militæranlegg (krigsminne), utført som kurs	Grønsvik fort, Nordland
100.	Utarbeiding av tiltaksplan for verneverdig bygningsmiljø (rekkjetun)	Færavåg i Tysnes
101.	Utarbeiding av tiltaksplan for verneverdige samanbygde våningshus og løe	Hoplandssjøen i Austrheim
102.	Restaurering av murverk på samanbygd våningshus og løe	Hoplandssjøen, Austrheim
103.	Utarbeiding av tiltaksplan for demontering og atterreising av verneverdig lagerbygg for Gamle 3Hus AS, i samband med ny jernbanetunnell	Fløen, Bergen
104.	Restaurering (demontering, refundamentering og atterreising) av grunnmurar, trapper og hellelagt uterom for privatperson knytt til freda gardsanlegg	Havråtunet, Osterøy
105.	Utarbeiding av tiltaksplan for verneverdig kaianlegg ved gamle postveg ved Evangervatnet	Evanger, Voss
106.	Utarbeiding av tiltaksplan for verneverdig naust	Holmefjord, Fusa
107.	Konsulentoppdrag for Fjell kommune vedr. verneverdig demning	Skålvik, Fjell
108.	Utarbeiding av tiltaksplan for privat verneverdig kaianlegg i Nordåsvatnet	Hop, Bergen
109.	Prosjektering av kvelvingsbru og opplæringsprosjekt, fem kursbolkar	Nes, Kvam
110.	Muring av steinkvelv og gjennomføring av opplæringsprosjekt, fem kursbolkar i samarbeid med Bygningsvernseieret Voss/Hardanger og grunneigar Kåre Nes	Nes, Kvam
111.	Atterreising ved vernemur på verneverdig løe på Almås for Bergen kommune, i samarbeid med Almåsgårdenes venner og gjennomføring av kurs for Almåsgårdenes venner og Fortidsminneforeningen i Hordaland	Almås, Bergen
112.	Gjennomføring av kurs nr. 2 for Statens vegvesen knytt til restaureringsarbeida på Kongevegen over Filefjell	Lærdal
113.	Restaurering av kisteveiter for privatperson i Havråtunet (ferda anlegg)	Havrå, Osterøy
114.	Utarbeiding av tiltaksplan for restaureringsarbeid på løemur/verneverdig anlegg.	Drangevågen, Osterøy
115.	Gjennomføring av restaureringsarbeid på løe	Drangevågen, Osterøy
116.	Kurs for grunneigarar i restaurering av steingard innanfor samanhengande verneverdig	Stad, Selje

<i>Oppdrag, skildring</i>	<i>Stad</i>
---------------------------	-------------

	kulturområde på Stadlandet («buråsa»), i samband med prosjektet «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» i regi av Landbruksdirektoratet	
117.	Restaurering av verneverdig kaianlegg tilknytt hus-, hage og badeanlegg i sveitserstil	Paradis, Bergen
118.	Utarbeiding av tiltaksplanar og detaljplanlegging av restaurering av murverk knytt til freda bygningsmasse i Hallingdal	Ål Hol
119.	Gjennomføring av restaurering av murverk på freda bygning (sauestall) ved Ål bygdamuseum	Ål
120.	Utarbeiding av tilstandsvurdering og tiltaksplan for istandsetjing av gamal steinkvelvbru i samarbeid med Byantikvaren i Odda	Grønsdal i Odda
121.	Prosjektering av restaurering av gammalt trappeløp for privat oppdragsgjevar på eigedom innanfor spesialområde vern	Lappen, Bergen
122.	Gjennomføring av restaurering av gammalt trappeløp for privat oppdragsgjevar på eigedom innanfor spesialområde vern	Lappen, Bergen
123.	Prosjektering og gjennomføring av reparasjonar på privat veg og kai	Sageneset i Fana, Bergen
124.	Arbeid med lærebok i tørrmuring for Statens vegvesen (i arbeid)	Frekhaug, Meland Nittedal
125.	Utarbeiding av tiltaksplanar for istandsetjing av murverk på Tinahuset, Almåsgardane	Almås, Bergen
126.	Gjennomføring av restaureringsarbeid på Tinahuset, i samarbeid med Bergen kommune og Almåsgårdenes venner.	Almås, Bergen
127.	Muring av grunnmur for nytt uthus for privat eigar	Fedje
128.	Muring av ny steingard for privat eigar	Fedje
129.	Utarbeiding av tiltaksplan for istandsetjing av murar ved møllehus på oppdrag frå Vårt Nesttun	Nesttun, Bergen
130.	Utarbeiding av tiltaksplan for restaurering av grunnmurar på Villa Heimdalstrand, freda kunstnarvilla i seinare drakestil	Balestrand
131.	Gjennomføring av full restaurering av grunnmurar under Villa Heimdalstrand	Balestrand
132.	Gjennomføring av undervisningsopplegg, teoretisk og praktisk, for arkitektstudentar ved BAS (praktisk samarbeid med Kystmuseet i Øygarden), inkl. restaurering av tørkehus for korn og stemmemur m.m. på verneverdig kvernanlegg ved Hildalsvatnet	Kystmuseet i Øygarden Breivika i Øygarden
133.	Prosjekteringsarbeid i samarbeid med Gamle 3Hus knytt til utforming og reising av grunnmur under nyrestaurerte «Hollenderboden» i Nyhavn	Sandviken, Bergen
134.	Reising av grunnmur for «Hollenderboden» i Nyhavn	Sandviken, Bergen



<i>Oppdrag, skildring</i>	<i>Stad</i>
---------------------------	-------------

135.	Istandsetjing av bakkemurar ved Lågdalsmuseet, som ledd i kurs og kvalifisering av handverkarar i regi av Buskerud Bygningsvernseier	Lågdalsmuseet, Kongsberg
136.	Utarbeiding av tilstandsvurdering og tiltaksplan for istandsetjing/restaurering av murverk i Kvamsvågen	Kvamsvågen, Lindås
137.	Utarbeiding av tilstandsvurdering og tiltaksplan for istandsetjing av uthus i stein	Bustølen, Meland
138.	Utarbeiding av tilstandsvurdering og tiltaksplan for istandsetjing av murverk ved gardskvern	Ikeland, Lindås
139.	Utarbeiding av tilstandsvurdering og tiltaksplan for restaurering av tørrmura kjellar til verna bygning, bustadhus frå tidleg 1800-tal, Edling-Hansstova	Undredal
140.	Utarbeiding av tilstandsvurderingar og tiltaksplan for istandsetjing av murverk ved verneverdig bustadhus, lemstove, i Osterfjorden	Storholmen, Lindås
141.	Reising av nye støttemurar for privat eigar	Grimseid, Fana, Bergen
142.	Prosjektering og gjennomføring av tiltak for Osterøy Museum, m.a. grunnmur under restaurert husmannsstove	Gjerstad, Osterøy
143.	Utarbeiding av tilstandsvurdering og tiltaksplan for restaurering av ymse murverk (m.m. hagemur) knytt til det freda hovudhuset på Slettebakken hovudgard	Slettebakken, Bergen
144.	Tilstandsvurdering av grunnmur/kjellarmur under det freda hovudhuset på Slettebakken hovudgard, prosjektering og gjennomføring av pågåande restaureringstiltak	Slettebakken, Bergen

Frekhaug 20.02.17

Haakon Aase



Til den det gjeld

Salhus, 18.10.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.:

## Fråsegn

Eg, Atle Ove Martinussen, tidlegare fagsjef i Norsk handverksutvikling (NHU) og i dag direktør ved Museumssenteret i Hordaland, stadfestar med dette at eg er kjend med Haakon Aase sin søknad om ansvarsrett i samband med oppdrag i tørrmuring i Salhus.

Haakon Aase har skildra korleis han har fått si opplæring i tørrmuring gjennom direkte overføring av den handlingsborne kunnskapen frå tradisjonsberarar. Det er rett at det ikkje finst eit formelt opplæringsssystem i tørrmuring anna enn ein liten del av anleggsgartnarfaget. Haakon Aase har gjennom sitt arbeid for NHU m a i prosjektet «Tørrmuring i Nordhordland» under mi faglege leiing fått ei omfattande opplæring i tradisjonell tørrmuring over ei årrekkje. Han er ein av nokre få handverkarar i Noreg som har klart å tileigna seg kunnskap på dette nivået i tradisjonell tørrmuring. Dette har gjort at han er å rekna som ein nasjonal kompetanseperson i tørrmuring og han er brukt som kurshaldar og rådgjevar innan fagfeltet over heile landet. I den perioden han arbeidde for NHU var han også med på internasjonale prosjekt i tørrmuring, m.a. i eit rekonstruksjonsprosjekt på Shetland der eit mellomalderbygg vart rekonstruert i teknikkar frå 1300 talet. Haakon Aase hadde her m a ansvar for å rekonstruera vernemurane til huset i teknikk frå mellomalder i samarbeid med meg som fagleg ansvarleg for rekonstruksjonen pluss norske og skotske arkeologar og handverkarar.

